



# Lærdal kommune

## Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
179/18	Formannskapet	06.12.2018
088/18	Kommunestyret	13.12.2018

<b>Sakshandsamar:</b> Monika Lysne	<b>Arkiv:</b>	<b>Arkivsaksnr.</b> 18/832 - 3
------------------------------------	---------------	--------------------------------

### **Reguleringsendring for avkøyrsler og lokalvegnett, E16 Håbakken - oppstart av planarbeid**

#### **Kort samandrag:**

I arbeidet med ny avkøyrsler til næringsarealet på Håbakken, er det komme behov for å gjennomføre reguleringsendring i området, for å lage ei heilskapleg løysing for trafikkavviklinga i området.

#### **Rådmannen si tilråding:**

Kommunestyret vedtek oppstart av planprosess for Reguleringsendring for avkøyrsler og lokalvegnett, E16 Håbakken, i medhald av Plan- og bygningslova §§ 12-3, 12-8 og 12-14.

Planområdet kjem fram av vedlagde kart.

Kostnadar til planarbeidet skal dekkast over budsjettpost for opparbeiding og tilrettelegging av Håbakken Næringsareal.

**06.12.2018 Formannskapet**

**Framlegg frå Formannskapet:**

Kommunestyret vedtek oppstart av planprosess for Reguleringsendring for avkøyrslar og lokalvegnett, E16 Håbakken, i medhald av Plan- og bygningslova §§ 12-3, 12-8 og 12-14.

Planområdet del 1 og 2 kjem fram av vedlagde kart.

Kommunestyret ønskjer å ta med avkøyrslar til området vest for E-16 (del 2)

Kostnadar til planarbeidet skal dekkast over budsjettpost for opparbeiding og tilrettelegging av Håbakken Næringsareal.

**Røysting:**

Framlegget frå Formannskapet vart samrøystes vedteke.

**FS-179/18 Vedtak:**

Kommunestyret vedtek oppstart av planprosess for Reguleringsendring for avkøyrslar og lokalvegnett, E16 Håbakken, i medhald av Plan- og bygningslova §§ 12-3, 12-8 og 12-14.

Planområdet del 1 og 2 kjem fram av vedlagde kart.

Kommunestyret ønskjer å ta med avkøyrslar til området vest for E-16 (del 2)

Kostnadar til planarbeidet skal dekkast over budsjettpost for opparbeiding og tilrettelegging av Håbakken Næringsareal.

**13.12.2018 Kommunestyret****Røysting:**

Tilrådinga frå Formannskapet vart samrøystes vedteke.

**KS-088/18 Vedtak:**

Kommunestyret vedtek oppstart av planprosess for Reguleringsendring for avkøyrslar og lokalvegnett, E16 Håbakken, i medhald av Plan- og bygningslova §§ 12-3, 12-8 og 12-14.

Planområdet del 1 og 2 kjem fram av vedlagde kart.

Kommunestyret ønskjer å ta med avkøyrslar til området vest for E-16 (del 2)

Kostnadar til planarbeidet skal dekkast over budsjettpost for opparbeiding og tilrettelegging av Håbakken Næringsareal.

**Vedlegg:**

Planområde\_endring\_Håbakken

Utvida planområde etter møte i formannskapet 06.12.18

**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.**

Plan- og bygningslova §§ 12-3, 12-8 og 12-14.

**Saksutgreiing**

Kommunen har arbeida lenge med å få ei god løysing på trafikkavvikling til Håbakken Næringsareal, då knytt til nyetablering. Kommunen har i lang tid vore i dialog med Statens vegvesen og Lærdal Grønt med løysing for ny avkøyrsløse til næringsstomt som kan vere aktuell for ny lokalisering av Lærdal Grønt. Statens vegvesen har no akseptert ny avkøyrsløse til næringsarealet, men har og sett krav om at nokre andre avkøyrsløser då vert stengde, og at det vert laga avkøyringsfil. Stengde avkøyrsløser, vil og setta krav til nye lokalveggar eller forlenging av eksisterande. Dette utløyser krav om reguleringsplan for området.

Det var sist møte mellom Lærdal kommune, Statens vegvesen og Lærdal Grønt 19. november 2019. Det vart her konkludert med at kommunen bør starte reguleringsplanprosess for E16, med nye avkøyrsløser, avkøyringsfil og lokalvegnett.

Området er omfatta av fleire reguleringsplanar, i tillegg til Kommunedelplan for Tønjum – Ljøsne. Planen vert ein endring av Reguleringsplan for Tønjum, 1998, og delvis endring av Reguleringsplan for Håbakken næringsareal, del 1.

**Økonomiske konsekvensar**

Det vert kostnadar knytt til konsulenttenester for utarbeiding av plan. Kostnadane vert dekkja over budsjettpost for opparbeiding og tilrettelegging av Næringsareal på Håbakken.

**Vurdering**

Dersom det skal lagast reguleringsplan for området, bør denne startast opp no. Reguleringsplanprosessar er tidkrevjande, og det er behov for å settja i gang raskt. Planproessen utløyser ikkje krav om konsekvensutredning, då endringane delvis er i tråd med gjeldande plan (Håbakken del 1), og elles i størst grad omfattar endring av eksisterande planar og veganlegg. Endringane er vurdert til å ikkje medføra vesentleg negativ konsekvens for samfunn og/eller miljø. Då endringane omfattar endring av eksisterande veganlegg, vert det vurdert til å ikkje utløyse vurderingar knytt til Naturmangfaldlova.

Administrasjonen meiner at det må engasjerast konsulenttenester til planarbeidet, då planen omfattar komplekse tekniske løysingar og vurderingar kring veganlegg, siktsoner,

sporingsanalysar, vurdering av kurve- og klotoidelengde osv, som krev spesiell kompetanse innan fagfeltet. Kostnadane til planarbeidet bør dekkast over budsjettpost til opparbeiding og tilrettelegging av Håbakken Næringsareal, då planarbeidet er direkte tilknytta tilrettelegging for næringsetablering på Håbakken.

Planområdet er truleg teikna noko større enn behovet er, men dette for å ha tilstrekkeleg areal til løysingane i oppstarten. Truleg vert planområdet redusert gjennom planprosessen.